

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29

Fylke: Oppland.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: V.Slidre.

Emne: Jolenissen

Bygdelag: Øyebygde i Røn.

Oppskr. av: G.Kirkevoll.
Jomfrubraatvn.25
(adresse): Bekkelagshøgda.Gard: Kirkevoll.
G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke) :

SVAR

1. Er ikkje so sikker paa kva tid kva tid jolenissen tok til aa dele ut jolegaavor, men det er ikkje over 30 aar sidan. Det var heller ikkje vanleg med jolegaavor innan huslyden. Fraa slektringer og vener som var ute kom det ofte gaavor til jol.
2. Jolenissen hadde som vanleg med dei gaavor som skulde deles ut. Det hender ofte at jolenissen faar ein dram og kaker, men veit ikkje om det er vanleg skikk og bruk.
3. Helst ein som var god til aa prate for seg, men som regel far sjøl.
4. Utstyret kunne vera ymse etter tilhøva.
5. De fleste kjøper maske, men det lages ogsaa baade maske og annet utstyr.
6. Jolebukkene har ymse slags masker. Før hadde dei eit bukkehovud med store horn paa en stav. Derav namnet jolebukk.
7. Som vanleg deler ikkje jolebukkene ut jolegaavor.
8. Det er vel truleg at den nye jolenissen blir sett i noksonere samband med nissen i fjøs og stall og paa laaven.
9. Er ukjent fraa V.Slidre, men I Skjaak, Gudbrandsdalen, hengde ungane opp ei strømpe kvar joleftan. Og um morgon var det komme gotter og eit og anna i strømpene. Det var Sendiklas som kom med gavone (St.Nicolei ?). Dei meinte han kom ned gjennom peispipa.

5938

24/3-21

%

Sct.Nikolai eller Sct.Nicolaus var ein av dei sjøfarande skytshelgener (i Danmark) um det var so her i Noreg veit eg ikkje.

Sct.Nicolai kyrkja i Kjøbenhavn var fyrste gonge nemd i 1261, daa riddaren Peder Olafsen sjenka alle sine skip og 100 mark penge til kyrkja.

5938